

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL

MØTEINNKALLING

Dato: tysdag 19 september 2023
Tid: kl. 17.00
Sted: Sveio kommunehus

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS tlf. 959 86 979, eller på e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Rådmannen er invitert

Saksliste:

- 13/23 Godkjenning av protokoll frå møtet 15.05.23**
- 14/23 Tilbakemelding på spørsmål om Eining for plan, eigedom, byggesak og landbruk v/rådmannen**
- 15/23 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten– «Planarbeid»**
- 16/23 Oppfølging av forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2022**
- 17/23 Budsjettframlegg 2024 – kontrollarbeidet i kommunen**
- 18/23 Evaluering av utvalet sitt arbeid for perioden 2019 - 2023**
- 19/23 Referat- og orienteringssaker 19.09.23**

Eventuelt

Sveio/Aksdal, 12.09.23

Arne Valen
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (er invitert)
Varamedlemmer (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutval	19.09.23	13/23
Saksansvarleg	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 15.05.23

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 15.05.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå møtet 15.05.23

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 15.05.23 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er sendt medlemmane og kommunen slik han ligg føre.

Protokollen blir formelt godkjent i dette møtet.

Aksdal, 12.09.23

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

SVEIO KONTROLL- OG KVALITETSUTVAL**PROTOKOLL**

Måndag **15. mai 2023** blei det halde møte i Sveio kontroll- og kvalitetsutval under leiing av utvalsleiar Arne Valen.

MØTESTAD:	Sveio kommunehus, glasburet
MØTESTART/SLUTT:	Kl. 17.00 – 19.20
MØTANDE MEDLEMMER:	Arne Valen (Sp), Per S. Wathne (Krf), Solfrid Aasen (Sp) og Marit Elise Lier (Ap)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	4. vara Randi Skimmeland
FORFALL:	Gustav Eidsvåg (Frp) og 1. – 3. vara
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Dagleg leiar/utvalssekretær Odd Gunnar Høie - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ ROGALAND REVISJON:	Oppdragsansvarleg revisor Therese S. Bjørkeland
FRÅ ADMINISTRASJONEN:	Rådmann Jostein Førre og økonomisjef Peter O. Lura
ANDRE SOM MØTTE:	Havnedirektør Tore Gautesen i sak 8
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTEN:	Sak 8 blei handsama som første sak, deretter blei sakslista fylgt.

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA**SAK 07/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 30.01.23****Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 30.01.23 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Utvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Protokoll frå møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 30.01.23 blir godkjent slik den ligg føre.

SAK 08/23 ORIENTERING OM KOMMUNALE SELSKAP – KARMSUND HAVN

Sekretariatet si innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar havnedirektør Tore Gautesen si utgreiing om selskapet Karmsund Havn IKS til orientering.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Havnedirektør Tore Gautesen viste ein presentasjon og orienterte om selskapet. Han viste også ein film om selskapet sine ulike aktivitetar. Utviklinga hadde endra seg mykje på 100 år. Det hadde vore store utbyggingane på Garpaskjær, Killingøy og Husøyområdet, og det var planar for vidare utvikling av særleg Husøyområdet.

Gautesen forklarte om selskapet sine ulike verksemdar innan cargo, offshore, fiskeri, cruise, eigedom, fornybar energi (vind) og flyplassdrift. Karmsund Havn er ein av landets største hamner, både målt i omsetnad, gods- og passasjervolum. KH er ein av 16 norske TEN-T-hamner (EU-nettverk for viktige samfunnskritiske hamner).

Selskapet vert eigd av seks kommunar (Karmøy, Haugesund, Tysvær, Bømlo, Sveio og Bokn). Han gjorde greie for selskapets styrande organ, plandokument og forretnings-områda. Ifølge Gautesen hadde eigarstrategien frå 2017 vore eit godt reiskap. Det vert no gjort ein gjennomgang av konsernstrukturen, med fokus på mogleg omdanning til aksjeselskap. Selskapets generalforsamling er hamnerådet, som godkjenner budsjett, prisar og lånerammer.

Det økonomiske resultatet for 2022 var godt og 2023 lova også for å bli eit godt år. Selskapet har ei låneramme på 800 millionar. Selskapet gjer heile tida store investeringar, som vil gje høg avkastning på sikt. Gautesen meinte det vil vere mogleg å betale utbytte til eigarane i framtida.

Selskapet hadde kome fram til forlik med staten i «skattesaka». Selskapet måtte ikkje betala skatt for perioden 2010 – 2019. Det var framleis noko usikkert kva følgjer dette vil få for framtidige vurderingar av skatteforhold.

Havnedirektøren svara på spørsmål om mellom anna framtidig utbytte, cruise anløp og alternative hamner, status i prosessen med omdanning til aksjeselskap og om ulike kaianlegg. Kaian i Førde blir tilbakeført til Sveio kommune.

Leiar takka for ein god og interessant orientering.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar havnedirektør Tore Gautesen si utgreiing om selskapet Karmsund Havn IKS til orientering.

SAK 09/23 UTTALE TIL ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING FOR 2022 – SVEIO KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding 2022 slik den ligg føre (med desse endringane/tillegg).

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Sveio kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Revisor Therese S. Bjørkeland orienterte om revisjonen sitt arbeid. Ho gjorde greie for kommunen sin økonomisk situasjon og kommunen sine måltall. Vidare gjorde ho greie for funn/merknader i dei ulike delane av rekneskapen. Revisjonsmeldinga har positiv konklusjon. Revisor hadde nokre framlegg til forbetringar, men ho meinte at kommunen hadde god kontroll og gode rutinar.

Rådmann og økonomisjef svarte på spørsmål om mellom anna overforbruk i tenestekområda, realistiske budsjett, overforbruk innan oppvekst og kommunen sin bilpark.

Utvalet var nøgd med orientera og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23 og innstilling til kommunestyret:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til årsrekneskap og årsmelding for 2022 slik den ligg føre.

Kontroll- og kvalitetsutvalet tilrår at Sveio kommunestyre godkjenner årsrekneskapen og årsmeldinga for 2022.

SAK 10/23 UTTALE TIL REKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022 - RYVARDEN KULTURFYR KF

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt rekneskap for 2022, slik den ligg føre.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsmelding for 2022.

Handsaming i kontrollutvalet 15.05.23:

Revisor orienterte kort om revisjonsberetninga. Revisjonen hadde ingen merknader til rekneskapen. Utvalet gleda seg over eit lite, men positivt resultat. Medlemmene meinte årsmeldinga var interessant, og at det er viktig å ha fokus på utviklingsmoglegheitene.

Utvalet hadde ingen merknader og slutta seg til uttalen slik den var fremma.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 15.05.23

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtek uttale til Ryvarden Kulturfyr KF sitt årsrekneskap for 2022 slik den ligg føre.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vil tilrå at kommunestyret godkjenner Ryvarden Kulturfyr FK sitt årsrekneskap og årsmelding for 2022.

SAK 11/23 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMI-FORVALTNINGA 2022**Sekretariatet si innstilling:**

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar vedlagte attestasjonsuttale frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2022 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader til manglande etterleving av anskaffingslova innan 01.09.23.

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Revisor orienterte om kontrollen. I 2022 hadde dei undersøkt etterleving av offentlege anskaffingar. Kontrollen hadde avdekka fleire manglar. Revisor sin konklusjon var difor negativ.

Utvalet slutta seg til framlegget om å be rådmannen om ei tilbakemelding til møtet i september.

Samrøystes vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.22:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar attestasjonsuttalen frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2022 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader til manglande etterleving av anskaffingslova innan 01.09.23.

SAK 12/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 15.05.23

7. Statusrapport pr. mai 2023
8. Oppdatert prosjektmandat – «Pleie og omsorg»
9. NKRF-konferansen 1. – 2. februar – oppsummering v/Valen og Wathne
10. KST-vedtak 20.02.23, sak 12/23 – årsmelding 2022 for KKV
11. KST-vedtak 20.02.23, sak 13/23 – revisjonsrapport «Planarbeid»
12. Referat frå repr.skapsmøte 28.04.23 - Samarbeidsrådet for Sunnhordland
13. Repr.skapsmøte 15.05.23 – Haugaland brann og redning IKS
14. Protokoll frå repr.skapsmøte 24.04.23 - Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
15. Repr.skapsmøte 21.04.23 – Haugaland Vekst IKS
16. Generalforsamling 28.04.23 – Haugaland Kraft AS
17. «30 år med kontrollutvalg – og fortsatt ikke for pyser» - Kommunal Rapport 20.03.23

Handsaming i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Sekretæren gjorde greie for sakene. Arne Valen og Per Wathne refererte frå ein interessant og lærerik konferanse i regi av NKRF på Gardermoen i februar.

Utvalet hadde ingen særskilte merknader til referatsakene.

Vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar referatsakene 7 – 17 til orientering.

EVENTUELT**Innspel om sakshandsamingstid innan plan og næring**

Utvalsleiar refererte til ein e-post han hadde motteke frå eit kommunestyremedlem. Innspelet omhandla ulike konkrete saker/byggesøknader der sakshandsamingstida hadde vore sær lang. Leiar leste opp nokre av sakene som var omtala i e-posten.

Medlemmene stetta leiar sitt framlegget om å be rådmannen om ei generell orientering i neste møte, om arbeidet og utfordringar i eininga plan og næring, med fokus på svarfristar.

Vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen om ei skriftleg orientering om arbeidet og utfordringar i eininga plan og næring, med fokus på svarfristar.

Neste møte: tysdag 19. september kl. 17.00.

Utvalet var samd om at møtet som var satt opp 19. juni utgår.

Saker: orientering frå rådmannen om eininga plan og næring, løypemelding om forvaltningsrevisjonsprosjektet «Pleie og omsorg», utvalet sitt budsjett for 2024 og evaluering av perioden 2019 – 2023.

Sveio/Aksdal, 15. mai 2023

Arne Valen
Utvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.09.23	14/23
Saksansvarleg		Arkivkode
Odd Gunnar Høie		033

TILBAKEMELDING PÅ SPØRSMÅL OM EINING FOR PLAN, EIGEDOM, BYGGESAK OG LANDBRUK - V/RÅDMANNEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tek rådmannen si tilbakemelding på spørsmål frå utvalet om eining for plan, eigedom, byggsak og landbruk til orientering.

Vedlegg: 1. notat frå rådmannen, dagsett 08.09.23
2. årsrapport byggsak 2022

Saksorientering:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval vedtok følgjande i møtet 15.05.23 under sak Eventuelt:

Innspel om sakshandsamingstid innan plan og næring

Utvalsleiar refererte til ein e-post han hadde motteke frå eit kommunestyremedlem. Innspelet omhandla ulike konkrete saker/byggesøknader der sakshandsamingstida hadde vore særskild lang. Leiar leste opp nokre av sakene som var omtala i e-posten.

Medlemmene stetta leiar sitt framlegget om å be rådmannen om ei generell orientering i neste møte, om arbeidet og utfordringar i eininga plan og næring, med fokus på svarfristar.

Vedtak i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen om ei skriftleg orientering om arbeidet og utfordringar i eininga plan og næring, med fokus på svarfristar.

Tilbakemelding frå rådmannen

I vedlagt notat dagsett 08.09.23 har rådmannen grundig gjort greie for eininga sine oppgåver. Det er gjort greie for talet på årsverk og dei viktigaste fagområda. Rådmannen skriv mellom anna at:

Siste åra har det vore særleg utfordrande å oppretthalda kontinuiteten innanfor byggesak med tilhøyrande sakshandsaming. Frå og med 2016 har det vore totalt 8 ulike sakshandsamarar innanfor dette viktig fagområdet, og der dei to siste no har vore tilsett i kommunen i litt over eitt år.

.....

Felles for tilbakemeldingane er at det ligg grundige vurderingar bak anten utfallet er positivt eller negativt for dei det gjeld, og at gjeldande lover og planverk er lagt til grunn for avgjerdene.

Likevel er det eit par av sakene kommunen heilt klårt skulle vore forutan og som har teke for lang tid. Årsakene til dette har m.a. vore ein kombinasjon av dei ulike elementa som vedkjem sjølve sakene og ikkje minst det at det har vore fleire sakshandsamarar fordi sakene har drege ut i tid.

Sekretariatet sine kommentarar

Sekretariatet meiner at rådmannen har gitt ei grundig og oversiktleg tilbakemelding på spørsmåla frå utvalet. Det kjem fram at eininga har mange og varierte oppgåver. Rådmannen skriv at dei har hatt utfordringar med utskifting av medarbeidarar dei siste åra, som har ført til manglande kontinuitet for nokre av eininga sine oppgåver.

Aksdal, 12.09.23

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar/utvalssekretær

I møtet i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 15.05.23 blei det i sak «Eventuelt» gjort slik vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen om ei skriftleg orientering om arbeidet og utfordringar i eininga plan og næring, med fokus på svarfristar.

Bakgrunnen for vedtaket var ein e-post frå eit kommunestyremedlem til utvalsleiaren der det blei lista opp ulike saker med lang sakshandsamingstid.

Innleiingsvis skal det opplysast at «plan og næring» fekk nytt namn i samband med gjennomført organisasjonsendring gjort gjeldande frå og med 01.01.2023. Det nye namnet er *Eining for plan, eigedom, byggesak og landbruk*, korta ned til PEBL.

Eininga har pr. d.d. totalt 8,75 årsverk fordelt på 10 tilsette i tillegg til at det er gjort avtale med Tysvær om kjøp av 10 % stilling innanfor skogbruk. Fagområda som ligg til eininga er mange og varierte der dei viktigaste er:

- Arealplanlegging (digitalt planarkiv/planregister, private planframlegg og kommunale planar)
- Eigedomsdeling (frådelingar/grensejusteringar, produksjon av målebrev/matrikkelbrev)
- Adresstildeling (vegadresser) og utarbeiding av skiltplan
- Byggesaker (søknader for alle typar byggeprosjekt og tilsyn/kontroll med byggesaker)
- Registerføring (matrikkelssystemet – det offisielle eigedomsregisteret i Noreg)
- Kartlegging (GIS, digitale kartdata og ortofoto, kontinuerleg kvalitetsheving)
- Forureining (lokal styresmakt med oppfølging av forureiningssaker)
- Konsesjonar (ved kjøp og sal av landbrukseigedommar)
- Eigenfråsegner (om konsesjonsfridom ved tileigning/kjøp av fast eigedom mv.)
- Akvakultur (medverka til utvikling av havbruks- og sjømatnæringa)
- Utsleppsløyve (spreidd bustadbygging utan tilgong til offentleg avløpsanlegg)
- Tilsyn/kontroll av separate avløpsanlegg (utan tilgong til offentleg avløpsanlegg, forskriftskrav)
- Dispensasjonar (delingssaker/byggesaker i strid med lov eller vedteken plan)
- Viltforvaltning (valdstruktur, hjorteovervaking, jegerprøve, viltnemnd, viltfond)
- Landbruk (rådgjevingsteneste jordbruk/skogbruk, kulturlandskapspleie, landbruksplan)
- Veterinærvakt (organisering og administrasjon, gjeld både for stordyr og smådyr)
- Miljøsaker (miljøstatus, vassdirektivet og oppfølging av kommunen sin energi- og klimaplan)
- Naturforvaltning (kystlynghei, salamanderpark, vatn og vassdrag)
- Meklaropplysningar (på førespurnad ved kjøp og sal av fast eigedom i kommunen)
- Kommunalt beredskapsarbeid (ROS, oljevern, planverk og øvingar)

Grovt sett er eininga er organisert slik:

Einingsleiar/beredskapskoordinator/sakshandsamar.....	1,00 årsverk
Byggesak.....	2,00 årsverk
Kart/oppmåling/matrikkelføring	2,00 årsverk
Landbruk/miljø/natur- og viltforvaltning/veterinærvakt.....	2,40 årsverk
Arealplanlegging og geografiske informasjonssystem (GIS)	1,00 årsverk
Jurist	0,35 årsverk

Siste åra har det vore særleg utfordrande å oppretthalda kontinuiteten innanfor byggesak med tilhøyrande sakshandsaming. Frå og med 2016 har det vore totalt 8 ulike sakshandsamarar innanfor dette viktig fagområdet, og der dei to siste no har vore tilsett i kommunen i litt over eitt år.

Byggesakshandsamarar er vanlegvis ikkje noko ein utdannar seg til, men noko ein blir over tid ved å arbeida innanfor dette fagområdet. Siste åra har byggesakshandsamarane i Sveio kommune hatt utdanningsbakgrunn innanfor arkeologi, geografi, arkitektur, jus, branntryggleik, fysisk planlegging og marinbiologi, og der alle har gjennomført mastergradsstudier. Dette har jamt over vore dyktige medarbeidarar som grunna kompetansen sin etter ei tid i kommunen har blitt svært attraktive for andre arbeidsgjevarar og dermed søkt seg bort. Ikkje fordi dei ikkje har trivst i kommunen, men i all hovudsak fordi dei har fått betre vilkår andre stader. Med fleire utskiftingar over relativt kort tid blir det difor vanskeleg å oppretthalda kontinuiteten innanfor eit fagområde som byggesak der det skjer veldig mykje heile tida og tidsfristane i sakshandsaminga i mange tilfelle er svært knappe om kommunen ikkje skal tapa gebyrinntekter.

Samstundes med utfordringane innanfor byggesak har det òg vore utskiftingar innanfor både arealplanlegging og landbruk/miljø/naturforvaltning, og dette har samla sett ført til at kvaliteten på sakshandsaminga ikkje har vore optimal til ei kvar tid.

Utskifting av medarbeidarar kombinert med at det er mange og ulike arbeidsoppgåver som fortløpande skal handterast av eininga – med noko avgrensa ressursar i høve til den faktiske arbeidsmengda – gjer at einskildsaker frå tid til anna kan hamna mellom to stolar eller at sjølv sakshandsaminga av ulike årsaker kjem skeivt ut.

Trass i utfordringane med utskifting av medarbeidarar, stor saksmengde kombinert med knappe ressursar og i mange tilfelle korte svarfristar gjev ikkje oversynet som blei oversendt leiaren for Sveio kontroll- og kvalitetsutval eit korrekt bilete av situasjonen. Ved ein gjennomgang av den nemnde lista syner det seg at dei fleste sakene anten var avklara frå kommunen si side før møtet i kontroll- og kvalitetsutvalet 15.05.23 og at det er opp til søkjar/tiltakshavar å følgja opp saka vidare, eller at det er gjort vedtak i saka eller gjeve anna tilbakemelding som går i disfavør av vedkomande som har vore i kontakt med kommunen. Felles for tilbakemeldingane er at det ligg grundige vurderingar bak anten utfallet er positivt eller negativt for dei det gjeld, og at gjeldande lover og planverk er lagt til grunn for avgjerdene.

Likevel er det eit par av sakene kommunen heilt klårt skulle vore forutan og som har teke for lang tid. Årsakene til dette har m.a. vore ein kombinasjon av dei ulike elementa som vedkjem sjølv sakene og ikkje minst det at det har vore fleire sakshandsamarar fordi sakene har drege ut i tid. Dette har kommunen teke lærdom av og vil freista unngå i framtida, men det er likevel ingen garanti for at einskildsaker frå tid til anna tek ei anna vending enn det som er vanleg saksgang for ei sak.

Sveio, 8. september 2023

Jostein Førre
rådmann

Årsrapport byggesak 2022

Byggesøknader

Kommunen handsama i alt 156 byggesøknader i 2022, ein nedgang på 5% frå 2021, då det blei behandla 165 byggesøknader. 66 av desse søknadene omfatta søknad om dispensasjon, noko som utgjer om lag 42 %. Det blei gjeve avslag på éin søknad om dispensasjon.

Søknadene fordelte seg på 8 rammesøknader, 101 eitt-trinnssøknader og 47 søknader utan ansvarsrett. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid i kommunen for søknader i samsvar med plan, med frist på 3 veker, var 14 kalenderdagar. Tilsvarende tal for dispensasjonssøknader, med frist på 12 veker, var 33 kalenderdagar. Sakshandsamingstida har halde seg nokolunde stabil dei siste fire åra, med ein lita auke i 2022.


År	Søknader	Sakahandsamingstid	Sakahandsamingstid	Dispensasjonsandel
		3-vekers frist	12-vekers frist	
2019	118	12	32	44 %
2020	160	12	27	40 %
2021	165	11	30	48 %
2022	156	14	33	42 %

Mellombels bruksløyve og ferdigattestar

Kommunen handsama totalt 7 søknader om mellombels bruksløyve og 66 søknader om ferdigattest i 2022. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var på 14 dagar, ein auke på 6 dagar frå 2021 då sakshandsamingstida var 8 dagar.

Heilårs- og fritidsbustader

Det har i fleire å vore ein jamn nedgang i talet på nye bustadeiningar som har blitt godkjende i kommunen, med unntak av ein oppgang i 2021. Det blei i fjor godkjent 10 nye bustadeiningar, mot 32 året før då Hansabakkane bidrog til eit høgt tal med 18 einingar.



Figur 1 Utvikling sidan 2015 - nye heilårs- og fritidsbustadar

I 2022 blei det gjeve løyve til 8 nye fritidsbustader mot 11 året før. Sjølv om det er ein nedgang frå 2021 er det relativt stabilt.

Klagesaker

Kommunen handsama 10 klager på byggesaker i 2022. 7 av desse klagene blei ikkje tekne til følge, medan 3 blei tekne heilt eller delvis til følge. Ein klage blei avvist. Statsforvaltaren handsama 9 klagesaker som blei sendt frå kommunen for endeleg avgjerd. I 6 av desse sakene blei det kommunale vedtaket stadfesta, medan tre vedtak blei omgjort eller vedtak blei delvis oppheva og sendt tilbake til kommunen for ny handsaming.

Tilsyn

Byggesaksavdelinga gjennomførte ikkje tilsyn i 2022. Etter ei klår betring i 2021, er me tilbake på nivå med 2020. Dette er eit godt stykke unna nivået kommunen bør ha ambisjonar om å vera på. Sakshandsaming blir ofte prioritert høgare enn utøving av tilsyn, i tillegg til at tilsynsarbeidet krev mykje tid i form av etterarbeid og oppfølging.

Deling

Det har vore handsama 15 delingssaker. Av desse har 6 vore i samsvar med plan, og 9 ikkje. Gjennomsnittleg sakshandsamingstid var 110 dagar. Tilsvarende tal for 2021 var 31 saker, 12 i samsvar med plan og 72 dagar sakshandsamingstid. I 2020 var tala 13 saker, kor 4 var i samsvar med plan og sakshandsamingstida var 138 dagar.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.09.23	15/23
Kommunestyret		
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORTEN – «PLANARBEID»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Sveio kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av revisjonsrapporten «Planarbeid» til orientering.

Vedlegg: tilbakemelding frå rådmannen, dagsett 26.07.23

Bakgrunn

Sveio kommunestyret vedtok samrøystes i møtet 20.02.23, sak 13/23 følgjande:

1. *Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport «Planarbeid» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten blir sendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine to tilrådingar: 1) Sikre at kommunen til ei kvar tid set av tilstrekkeleg intern/ekstern kompetanse og kapasitet til å drive planarbeidet slik det er skissert i kommunen sin vedtekne planstrategi. 2) I forslaget til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022–34 tydeleggjere dei ulike plandokumenta sin juridiske status.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*
4. *Kommunestyret meiner at heile eller deler av styringsgruppene burde vore intervjuet i samband med utarbeiding av rapporten.*

Føremålet med prosjektet var å undersøkje i kva grad kommunedelplanar og temaplanar til Sveio kommune er gode å styre etter, og korleis planane vert følgt opp.

Revisjonen hadde følgjande hovudbodskap og tilrådingar

- *I planarbeidet har Sveio kommune etter vår vurdering utfordringar med å halda ønskja framdrift i takt med vedtekne Planstrategi. Dette gjeld spesielt Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 og Næringsplan for Sveio kommune 2022-27, i tillegg til fleire andre planar.*

- *Kommunen har hausten 2022 satt i verk fleire tiltak for å sikra kommunen sin plankompetanse og for å auka kapasiteten.*
- *I forslaget til ny Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 kan kommunen med fordel tydeleggjere plandokumenta si juridiske status. Dette kjem ikkje tydeleg nok fram i høyringsutkastet, etter vår vurdering.*

Revisor hadde følgjande tilrådingar:

1. *Sikre at kommunen til ei kvar til har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å drive planarbeidet slik det er skissert i kommunen sin vedtekne planstrategi.*
2. *I forslaget til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 tydeleggjere dei ulike plandokumenta si juridiske status.*

Oppfølging/tilbakemelding frå rådmannen

Sekretariatet har mottatt tilbakemelding frå rådmannen, som er vedlagt saka. Tilbakemeldinga er satt opp som eit saksframlegg direkte frå administrasjonen til kontroll- og kvalitetsutvalet og til kommunestyret.

Kontrollutvalgssekretariatet har tatt tilbakemeldinga inn i saksframlegget. Rådmannen skriv følgjande:

Tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet

I høve første kulepunkt har rådmannen gjort endringar av organisasjonen i januar 2023 for å spisse fokus og sikre raskare framdrift i overordna planarbeid.

Ansvar for overordna planarbeid er flytta til ei nyoppretta eining Samfunnsutvikling. Eininga har fått styrka kapasitet med ei nyoppretta stilling som einingsleiar og ved at samfunnsplanleggjar har fått auka stillingsdel til planlegging frå 80 til 100% stilling. Oppgåva som beredskapskoordinator er plassert til anna eining innan Teknisk område.

Vidare har ein i overordna planarbeid som kommuneplan, kommunedelplan for Sveio sentrum, overordna ROS og næringsplan lyst ut konkurranse og nytta konsulent i større grad enn tidlegare. Dette kostar noko meir enn å gjere arbeidet på eige hand, men gjev meir kapasitet og tilgang til fagkompetanse. Innan planfagområdet stillast det i dag større krav til utgreiing og det kan være føremålstenleg å nytte ekstern kompetanse til noko av dette.

Status for dei overordna planane er nå:

- *Sentrumsplanen har vært på ny høyring i sommar.*
- *Næringsplanen er vedtatt. Fokus nå er på realisering av målsetningar i planen.*
- *I kommuneplanen sin arealdel har det vært gjennomført mykje involvering, både når det gjeld ibuarar og politikk. Undervegs har og politisk styringsgruppe ønska endringar som har kravd meir arbeid. Framdriftsplanen blir såleis kontinuerleg revidert etter politiske vedtak og signal/ ønskjer*
- *Overordna Ros har vært ute på høyring.*
- *Oppdatert kulturminneplan. Sak om høyring hausten 2023*
- *Klimaplan: Arbeidet er starta, men har vært satt på vent for å prioritere arbeid med*
- *kommunedelplan Sveio sentrum og kommuneplan.*

Når det gjeld oppfølging av reguleringsplanar har Sveio kommune ein tilsett som arbeidar med dette. For å ha ønska kapasitet og framdrift burde dette området vært styrkja ut frå mengde planar og mengde arbeid med planar før vedtak. Rådmannen har ut frå økonomisk situasjon ikkje funne rom til å foreslå ei styrking her og lyt vurdere dette i samband med forslag til budsjett i haust.

Juridisk status i kommunedelplan for Sveio sentrum

I plandokumentet Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022–34 er det gjort tydlegare kva juridisk status dei ulike dokumenta har.

Økonomiske konsekvensar

Auka bruk av ekstern bistand har ein høgare kostnad enn å nytte intern kompetanse. Å gjennomføre mange større planarbeid samtidig er krevjande og krev meir ressursar.

Beredskap

Ikkje vurdert til å være relevant her.

Vurdering

Rådmannen synar til endringar som er gjort for å styrke overordna planlegging.

Rådmannen vurderer at framdrifta i planarbeidet med kommuneplan og kommunedelplan Sveio sentrum har vært god etter organisasjonsendring, styrking av ressursar til arbeidet og ved auka bruk av ekstern kompetanse i arbeidet. Det har vært gjort endringar undervegs som har påverka framdrifta, men framdrift i høve arbeidsmengde har vært god.

Rådmannen ser at oppretting av ei ny eining og auka kapasitet på fagområdet også gjev meir ressursar til oppfølging og realisering av vedtekne planar.

Når det gjeld kapasitet til reguleringsplanar, kunne det med tal planar og arbeidsomfang med fordel vært eit område som blei styrka. Rådmannen har ikkje funne økonomisk handlingsrom for å foreslå ei slik styrking. Ved vedtak av ny planstrategi bør dette vurderast nærare i høve ønskja ambisjonsnivå.

Rådmannen skriv som sin konklusjon

Rådmannen vurderer at vi har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til overordna planarbeid. Framdrifta vil kunne bli påverka av involvering, ønska politisk justeringar og eventuelle merknadar/motsegn. Området reguleringsplanar kunne med fordel vært styrkja, men rådmannen har ikkje funne økonomisk rom for dette og lyt komma attende med ei nærare vurdering i samband med budsjettet.

Juridisk status er gjort klarare i Kommunedelplan for Sveio sentrum.

Kontrollutvalgssekretariatet sine kommentarar

I følge kommunelova § 23-2 bokstav E og forskrift for kontroll og revisjon § 5, ligg det til kontroll- og kvalitetsutvalet å sjå til at forvaltningsrevisjonar blir følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal også rapportere til kommunestyret korleis merknadene er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Det har vore praksis for at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner rådmannen har gitt ei god og grundig tilbakemelding på korleis revisjonen sine tilrådingar har blitt følgt opp.

Aksdal, 12.09.23

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar /utvalssekretær



Saksbehandlar: Kenneth Tollefsen

Rådmann: Jostein Førre

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Kontroll- og kvalitetsutvalet	
	Kommunestyret	

Planarbeid - oppfølging av forvaltningsrevisjon

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyre tar tilbakemelding på oppfølging av forvaltningsrapport planarbeid til orientering.

Saksutgreiing

Samandrag

Saka skildrar oppfølging av to tilrådingar etter forvaltningsrapport om planarbeid gjennomført av Rogaland Revisjon.

Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte 31. januar 2022 ein forvaltningsrevisjon om kommunen sitt planarbeid. Føremålet var å undersøkje i kva grad kommunedelplanar og temaplanar til Sveio kommune er gode å styre etter, og korleis planane vert følgt opp.

I møte 31.01.2022 valde Kontrollutvalet ut fire planar som case for å belysa problemstillingane i mandatet. I prosjektet såg Rogaland revisjon nærmare på følgjande plandokument, som alle er under utarbeiding:

- Kommuneplan med samfunnsdel 2020-32.
- Kommunedelplan for Sveio Sentrum 2022-34.
- Næringsplan for Sveio kommune 2022-27.
- Sveio kommune har ingen eigen jordbruksplan, men landbruk eit av fleire tema i Næringsplan for Sveio kommune 2022-27.

Kommunestyret handsama sak om oppfølging av rapporten 20. februar 2023 og fatta følgjande vedtak:

1. Sveio kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon sin rapport

«Planarbeid» og tek denne til orientering.

2. Rapporten blir sendt til rådmannen for vidare oppfølging av rapporten sine to tilrådingar:

- 1) Sikre at kommunen til ei kvar tid set av tilstrekkeleg intern/ekstern kompetanse og kapasitet til å drive planarbeidet slik det er skissert i kommunen sin vedtekne planstrategi.
- 2) I forslaget til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022–34 tydeleggjere dei ulike plandokumenta sin juridiske status.

3. Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontroll- og kvalitetsutvalet om oppfølging av rapporten innan 6 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.

4. Kommunestyret meiner at heile eller deler av styringsgruppene burde vore intervjuva i samband med utarbeiding av rapporten.

Saks- og faktaopplysningar

Rogaland revisjon har gjennomført revisjonen og rapport blei mottatt av sekretariatet 26. januar 2023. I rapporten tilrådde dei Sveio kommune å:

- Sikre at kommunen til ei kvar tid har tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet til å drive planarbeidet slik det er skissert i kommunen sin vedtekne planstrategi.
- I forslaget til Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022-34 tydeleggjere dei ulike plandokumenta si juridiske status.

Tilstrekkeleg kompetanse og kapasitet

I høve første kulepunkt har rådmannen gjort endringar av organisasjonen i januar 2023 for å spisse fokus og sikre raskare framdrift i overordna planarbeid.

Ansvar for overordna planarbeid er flytta til ei nyoppretta eining Samfunnsutvikling. Eininga har fått styrka kapasitet med ei nyoppretta stilling som einingsleiar og ved at samfunnsplanleggjar har fått auka stillingsdel til planlegging frå 80 til 100% stilling. Oppgåva som beredskapskoordinator er plassert til anna eining innan Teknisk område.

Vidare har ein i overordna planarbeid som kommuneplan, kommunedelplan for Sveio sentrum, overordna ROS og næringsplan lyst ut konkurranse og nytta konsulent i større grad enn tidlegare. Dette kostar noko meir enn å gjere arbeidet på eige hand, men gjev meir kapasitet og tilgang til fagkompetanse. Innan planfagområdet stillast det i dag større krav til utgreiing og det kan være føremålstenleg å nytte ekstern kompetanse til noko av dette.

Status for dei overordna planane er nå:

- Sentrumsplanen har vært på ny høyring i sommar.
- Næringsplanen er vedtatt. Fokus nå er på realisering av målsetningar i planen.
- I kommuneplanen sin arealdel har det vært gjennomført mykje involvering, både når det gjeld ibuarar og politikk. Undervegs har og politisk styringsgruppe ønska endringar som har kravd meir arbeid. Framdriftsplanen blir såleis kontinuerleg revidert etter politiske vedtak og signal/ ønskjer
- Overordna Ros har vært ute på høyring.
- Oppdatert kulturminneplan. Sak om høyring hausten 2023

- Klimaplan: Arbeidet er starta, men har vært satt på vent for å prioritere arbeid med kommunedelplan Sveio sentrum og kommuneplan.

Når det gjeld oppfølging av reguleringsplanar har Sveio kommune ein tilsett som arbeidar med dette. For å ha ønska kapasitet og framdrift burde dette området vært styrkja ut frå mengde planar og mengde arbeid med planar før vedtak. Rådmannen har ut frå økonomisk situasjon ikkje funne rom til å foreslå ei styrking her og lyt vurdere dette i samband med forslag til budsjett i haust.

Juridisk status i kommunedelplan for Sveio sentrum

I plandokumentet Kommunedelplan for Sveio sentrum 2022–34 er det gjort tydlegare kva juridisk status dei ulike dokumenta har.

Innkomne merknadar / Uttale frå partar

Ikkje innhenta.

Konsekvensar

FN sine berekraftsmål



Økonomiske konsekvensar

Auka bruk av ekstern bistand har ein høgare kostnad enn å nytte intern kompetanse. Å gjennomføre mange større planarbeid samtidig er krevjande og krev meir ressursar.

Beredskap

Ikkje vurdert til å være relevant her.

Vurdering

Rådmannen synar til endringar som er gjort for å styrke overordna planlegging.

Rådmannen vurderer at framdrifta i planarbeidet med kommuneplan og kommunedelplan Sveio sentrum har vært god etter organisasjonsendring, styrking av ressursar til arbeidet og ved auka bruk av ekstern kompetanse i arbeidet. Det har vært gjort endringar undervegs som har påverka framdrifta, men framdrift i høve arbeidsmengde har vært god.

Rådmannen ser at oppretting av ei ny eining og auka kapasitet på fagområdet også gjev meir ressursar til oppfølging og realisering av vedtekne planar.

Når det gjeld kapasitet til reguleringsplanar, kunne det med tal planar og arbeidsomfang med fordel vært eit område som blei styrka. Rådmannen har ikkje funne økonomisk handlingsrom for å foreslå ei slik styrking. Ved vedtak av ny planstrategi bør dette vurderast nærare i høve ønskja ambisjonsnivå.

Rådmannen sin konklusjon

Rådmannen vurderer at vi har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til overordna planarbeid. Framdrifta vil kunne bli påverka av involvering, ønska politisk justeringar og eventuelle merknadar/motsegn. Området reguleringsplanar kunne med fordel vært styrkja, men rådmannen har ikkje funne økonomisk rom for dette og lyt komma attende med ei nærare vurdering i samband med budsjettet.

Juridisk status er gjort klarare i Kommunedelplan for Sveio sentrum.

Aktuelle lovar, forskrifter, avtalar m.m.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutval	19.09.23	16/23
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	212	

OPPFØLGING AV FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL AV ØKONOMIFORVALTNINGA FOR 2022

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar rådmannen si tilbakemelding på oppfølging av «forenkla etterlevingskontroll av økonomiforvaltninga for 2022» til orientering.

Vedlegg: rådmannen si tilbakemelding, dagsett 31.08.23

Bakgrunn

Kontrollutvalet vedtok samrøystes i møtet 15.05.23, sak 11/23 følgjande:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval tar attestasjonsuttalen frå Rogaland Revisjon IKS om økonomiforvaltninga for 2022 til orientering.

Sveio kontroll- og kvalitetsutval ber rådmannen gje ei tilbakemelding til utvalet om oppfølging av revisor sine merknader til manglande etterleving av anskaffingslova innan 01.09.23.

I følgje kommunelova § 23-2 bokstav B skal kontrollutvalet mellom anna sjå etter at «... at det føres kontroll med at den økonomiske forvaltning foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak».

Vidare står det i kommuneloven § 24-9 om kontroll med økonomiforvaltninga følgjande:

«Regnskapsrevisor se etter om kommunens eller fylkeskommunens økonomiforvaltning i hovedsak foregår i samsvar med bestemmelser og vedtak.

Revisor skal basere oppgaven på en risiko- og vesentlighetsvurdering, som skal legges fram for kontrollUtvalet. Revisor skal innhente tilstrekkelig informasjon til å vurdere om det foreligger brudd på lover, forskrifter eller vedtak, der bruddet er av vesentlig betydning for økonomiforvaltningen.

Revisor skal senest 30. juni avgi en skriftlig uttalelse til kontrollUtvalet, med kopi til rådmannen, om resultatet av kontrollen».

Uttalen for 2022

I uttalen for 2022 konkluderer revisor med:

Negativ konklusjon

Basert på de utførte handlingene og innhentede bevis er vi blitt oppmerksomme på at Sveio kommune ikke etterlever lov om offentlig anskaffelser mellom terskeleverdi på kr 100.000 – 1.300.000. Sveio kommune etterlever i så måte ikke anskaffelsesloven.

Grunnlag for negativ konklusjon

Ved kontroll av etterlevelse lov om offentlig anskaffelse, er det kontrollert totalt 12 utplukk. Det ble avdekket avvik i 3 av utplukket. Prosentmessig avvik er på 25 %.

Kriteriet 1: Det ble kontrollert 8 stk, av disse var det avvik i 3 utplukk.

Kriteriet 2: Det ble kontrollert 4 stk, det ble ikke avdekket avvik ved gjennomgang.

Rådmannen si tilbakemelding

Vedlagt følger rådmannen si tilbakemelding, dagsett 31.08.23. Rådmannen har i brevet punktvis gjort greie for korleis administrasjonen har følgt opp revisor sine merknader.

Sekretariatet sine kommentarar

I følge kommunelova § 23-2 bokstav B og forskrift for kontroll og revisjon § 3, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rekneskapsrevisor sine påpeikingar blir retta eller følgt opp. Dette for å sikre at kontrollen får effekt og bidrar til forbetringar. Dersom påpeikingane ikkje blir retta eller følgt opp, skal kontrollutvalet rapportere det til kommunestyret.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmanen sitt ansvar. Det har vore praksis at administrasjonen møter i utvalet og orienterar om oppfølginga og/eller svarer på spørsmål, i tillegg til den skriftlege oversendinga.

Sekretariatet meiner administrasjonen viser at de har følgt opp anbefalingane på ein god måte, men utvalet må sjølv ta stilling til om det er ønskelig med vidare oppfølging.

Aksdal, 12.09.23

Odd Gunnar Høie

Dagleg leiar/utvalssekretær



Sveio kommune

Sveio kontrollutval

Rådhusvegen 9

5570 AKSDAL

Dato: 31.08.2023

Dokumentnummer: 21/569-52

Dykkar referanse:

Saksbehandlar: Jostein Førre

Oppfølging av forenklet etterlevelseskontroll - tilbakemelding

Visar til vedtak i Sveio kontroll- og kvalitetsutval 15. mai 2023. I sak 11/23 handsama utvalet sak om forenkla etterlevelseskontroll av økonomiforvaltninga 2022. Kontrollen gjaldt Sveio kommunes etterleving av reglane for offentlege anskaffelsar. I eit utplukk på 12 anskaffelsar fann revisor at reglane for offentlege anskaffelsar ikkje var følgde i 3 anskaffelsar. På denne bakgrunn gav revisor Sveio kommune negativ konklusjon på kontrollen. Sveio kontroll- og kvalitetsutval bad rådmannen om tilbakemelding på kontrollen innan 1. september 2023.

For å betre Sveio kommunes etterleving av anskaffelsesregelverket har rådmannen gjort følgjande tiltak.

- 🕒 Gått gjennom funna i rapporten i leiarmøter, sist 22. august.
- 🕒 Informert om revisors funn i leiarforum, og gitt informasjon om at det skal arbeidast for å bli betre på innkjøpsområdet.
- 🕒 Starta ei kartlegging av kommunens innkjøp over terskelverdiane 100 000 kr og 1 300 000 kr. Kartlegginga skal avdekka om kommunen har/gjer innkjøp kor reglane for offentlege anskaffelsar ikkje er følgd. Dersom det avdekkas innkjøp som ikkje er i tråd med reglane, skal det leggas ein plan for rette opp avviket.

Med helsing

Jostein Førre
rådmann

Dokumentet er godkjent elektronisk.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontroll- og kvalitetsutvalet	19.09.23	17/23
Kommunestyret		
Saksansvarlig	Arkivkode	
Odd Gunnar Høie	151	

BUDSJETTFRAMLEGG 2024 – KONTROLLARBEIDET I KOMMUNEN

Sekretariatet sitt framlegg til innstilling:

Sveio kontroll- og kvalitetsutval gjer framlegg om eit samla budsjett for kontrollarbeidet i Sveio kommune for budsjettåret 2024 med ein totalramme på kr 1 304 000,- eks mva fordelt følgjande

Kontroll- og kvalitetsutvalet	kr	100 750
Kjøp av sekretariatsteneste	kr	213 000
Kjøp av revisjonsteneste	kr	990 250

Vedlegg: 1. budsjettframlegg 2024
2. tertialrapport pr. 31.07.23 frå RR

Saksorientering

Kontroll- og kvalitetsutvalet skal sjå til at kommunen sine rekneskap blir revidert og at det blir utført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Utvalet skal utarbeide framlegg til budsjett for kontrollarbeidet. Dette inkluderer budsjett for kjøp av revisjonstenester, sekretariatstenester og utgifter til utvalet. Denne saka blir lagt fram som kontroll- og kvalitetsutvalet sitt framlegg til budsjett for kommunen sitt kontrollarbeid for 2024.

I følgje kommunelova har kontroll- og kvalitetsutvalet eit vidt arbeidsfelt og er berre underordna kommunestyret. Kontroll- og kvalitetsutvalet sitt tilsyn er ikkje avgrensa til berre å gjelde det økonomiske. Kontroll- og kvalitetsutvalet skal også sjå etter at saksførebuing og vedtaksprosessar, både i administrasjonen og i dei andre politiske organa fungerer på ein måte som garanterer oppfyljing av alle faglege krav, og varetar grunnleggande rettstryggleiksomsyn overfor kommunen sine innbyggjarar og andre som måtte bli ramma av kommunale vedtak.

Budsjettframlegg frå kontroll- og kvalitetsutvalet kan berre bli endra av kommunestyret. Grunnen til at kontroll- og kvalitetsutvalet sitt budsjett er i ei særstilling, er at utvalet skal vere fritt og uavhengig av dei organa som utvalet skal kontrollere. Det er uheldig om administrasjonen eller eit organ som kontroll- og kvalitetsutvalet skal kontrollere får innverknad på kontrollorganet si budsjettamme.

Når det gjeld betaling for tenester som vert kjøpt av selskap/samarbeid, vert budsjettet her fastsett av representantskapet og av styret, og kan berre bli endra av desse. Det gjeld i denne saka dei overslag som er sendt over frå Rogaland Revisjon IKS om rekneskapsrevisjon og frå HKS IKS om sekretariatstenestene.

1. Kontroll- og kvalitetsutvalet sine utgifter

Utvalet sine egne utgifter er vidareført som tidlegare år. Kontroll- og kvalitetsutvalet fastsett ikkje sjølv møtegodtgjersle. Den er innarbeida i budsjettframlegget for å synleggjere samla kontrollutgifter. Budsjettet sett føre ein aktivitet i utvalet som tidlegare år med 4 – 5 møter i året.

Det er lagt inn ei lita auke til opplæring, slik at det nye utvalet kan reise på kurs og konferansar. Sekretariatet sitt framlegg er på kr 100 000.

2. Sekretariatskostnader

Sveio kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS og kjøper sekretariattenestene herfrå.

Representantskapet vedtok i møtet 24.04.23, sak 6/23 budsjett for 2024 eigartilskottet frå deltakarkommunane. Budsjettet er utarbeidet på bakgrunn av selskapsavtalen, der det betalast ein årleg fast grunnsum og etter medgått timeforbruk basert på eigardel.

Kostnadane for Sveio neste år er sett til kr 213 000, som er ei auke på 5 %. Sekretariatet vert drive etter sjølvkostprinsippet. Ved overskot har midla blitt overført til fond.

3. Revisjonskostnader

Sveio kommune er medeigar i det interkommunale selskapet Rogaland Revisjon IKS, og kjøper sine revisjonstenester frå dette selskapet. Sekretariatet har mottatt framlegg til budsjett frå selskapet basert på vedtak i representantskapet.

